

Mange er i aksjon i nøkkelrollar for å berga eit gigantarrangement som finalen i MGP trygt i land men det er eit fåtal som vert eksponert på skjermen. Ein uskedeling hadde såleis ein heilt sental rolle i kulissane - Tore Sergei Myklebust. Dei som fekk med seg rulletekstane såg namnet hans presentert som regissør. Han var i denne samanhengen tilknytta produksjonsselskapet Eyeworks Dinamo som har mange store produksjonar for NRK. Nobelkonserten og Spelemannsprisen er døme på det.

Tore har jobba i det ein kan kalla underhaldningsbransjen i mange år, til dømes i Walmans Salongar som er i det tidlegare Mølla i Oslo men som også har avdelingar andre stader i Skandinavia. Han tok farvel med Walmans sist sommar.

For 6 og 7 år sidan freista han seg sjølv som deltakar i Melodi Grand Prix men utan særleg hell. Mange vil imidlertid hugse at han song under den første Skal vi danse-sendinga.

Tore fortel til uskedalen.no at han har arbeidd eit halvt år med Melodi Grand Prix og at ein stab på rundt 200 har vore i arbeid under hans leiing. Difor er det naturleg at han no slappar godt av etter vellukka jobb.

Han har sitt eige selskap som heiter Starworks og som leigar ut sine tenestar til Eyeworks Dinamo og NRK.. Tore har budd i Oslo i mange år og gjer det framleis.

Av Ola Matti Mathisen